



Vang kommune

Nordic Office Of Architecture As
Postboks 7057 Majorstuen
0306 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

FALSYN-2022003779 -9

Arkiv:

GBNR-7/370, K2-L42,
GBNR-7/370/0/2

Vår dato:

10.07.2026

Saksnr.	Utval
137/26	Hovudutval for utvikling

Igangsetjingsløyve - gnr 7 bnr 370 snr 2 - Oppføring av fritidsbustad

Tiltak: Oppføring av fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: Gudbrandslie
7/370 411B
Tiltakshavar: Eskild Andersen
Dalsveien 52c
0775 Oslo
Ansvarleg: Nordic Office Of
søklar: Architecture As
Postboks 7057 Majorstuen
0306 OSLO

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om igangsetjingsløyve i tråd med plan- og bygningslova § 21-2, femte ledd.

Vi tillét igangsetjing av arbeid i samsvar med rammeløyve av 01.09.2025.

Igangsetjingsløyvet omfattar: Heile tiltaket

Du må oppfylle desse vilkåra for at vedtaket skal gjelde:

- Tiltaket skal utførast i tråd med føresegner i gjeldande plan.
- Tiltaket skal plasserast i tråd med godkjent situasjonsplan, datert 26.05.2025, jf. pbl. § 29-4. Koordinatar på etablert grunnmur (KOF-fil) skal sendast kommunen seinast ved søknad om midlertidig bruksløyve/ferdigattest.

- Seinast ved søknad om midlertidig bruksløyve/ferdigattest må det sendast kommunen *ferdigmelding av arbeid på vatn- og eller avløpsanlegg* med innmålingsdata i SOSI/GMI-format, i tråd med Vang kommune sin innmålingsinstruks. Det skal installerast vassmålar.

Saksopplysningar

Vang kommune fekk søknad om igangsetjingsløyve for resten av tiltaket, oppføring av fritidsbustad, på eigedomen med gnr 7 bnr 370 snr 2 den 06.07.2026. Det vart gjeve rammeløyve i sak DEL-HUU 201/25 den 01.09.2025 og igangsetjingsløyve for delar av tiltaket – veg og grunnarbeid i sak DEL-HUU 202/25 den 04.09.2025. Erklærte ansvar i tiltaket kjem fram av oppdatert gjennomføringsplan datert 06.07.2026.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert 26.08.2025 med journaldato 27.08.2025.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen, i tilfelle tilsyn eller kontroll.
- Vi legg til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl. § 23-3.
- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.
- Du/de kan ikkje ta i bruk bygningen/tiltaket før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl. § 23-2.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 4.920, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Synnøve S. Falkendal

Byggesaksbehandler

Dir. tlf.: 908 03 745

E-post: synnove.sorum.falkendal@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til

Eskild Andersen

Dalsveien 52c

0775

Oslo